Justis- og beredskapsdepartementet
Lovavdelinga

Snr 20/2490

Bergen, 02.06.2020

HØYRINGSUTTALE – FORENKLA REKONSTRUKSJONSFORHANDLING FOR SMÅ FORETAK

Eg viser til høyringsnotat om forenkla rekonstruksjonsforhandling for små foretak sendt frå Justis- og beredskapsdepartementet 26. mai 2020 med kort frist.

Forslaget er i all hovudsak godt og tenleg for føremålet. Eg meiner likevel at formålet vil styrkast av to forbetringar:

1. Resultatet vil bli betre dersom det vert opna for å trekkja på både juridisk og annen rådgjevande kompetanse ved rekonstruksjon, t.d. økonomiar, revisorar eller teknologar
2. Vidare kunnskapsoppbygging rundt rekonstruksjonar og konkursar krev utvikling av betre og meir tilgjengelege data gjennom etablering av eit egna register

Vennleg helsing

Aksel Mjøs
Førsteamanuensis
Norges Handelshøgskole
Institutt for finans

Vedlegg

Kopi:
NFD ved ekspedisjonssjef Camilla Bretteville Froyn
FIN ved avdelingsdirektør Bjørn Berre

Vedlegg

Forslaget til forenkla rekonstruksjonsforhandling for små føretak er i all hovudsak godt og tenleg for føremålet, men nokre moment er likevel viktig å påpeika:

1. **Nærare om dei faglege kvalifikasjonane for rådgjevarar etter utkastet**

   Retten kan etter §3 i forskrifta oppnemna ein rådgjevar for å hjelpa til med å utarbeida forslag til rekonstruksjon. Det er i heile notatet forutsett at dette skal vera ein advokat, også sidan vedkomande skal kunna ta rolla som rekonstruktør i ein seinare fase. Her bør ein kunna vurdera om også annan kompetanse kan vera aktuell, t.d. ein revisor eller annan økonom, sidan ein viktig del av ein rekonstruksjon er å vurdera forretningsmessig grunnlag for vidare drift. I teknologitunge verksemder i utviklingsfase kan også teknologikompetanse vera viktig. Ein advokat vil ha god forståing av formelle forhold og krav, men vil normalt ha mindre innsikt i om verksemda har framtida for seg om det vert rekonstruert. Rekonstruksjon er eit svært viktig verkemiddel for å vidareføra forretningsmessig interessante verksemder der problemet er avgrensa til finansielle forpliktelsar. I slike tilfelle trengs det spesialkompetanse på å vurdera forretningsmessige muligheter, ikkje berre skyld og gjeld. Jamfør og §5, pkt. 4.

2. **Utkastet saknar omtale av eit rekonstruksjonsregister**

   Den nye lova om rekonstruksjon er mellombels, og då er det særleg viktig at ein etablerer eit tenleg rekonstruksjonsregister. I arbeidet med permanent lovgjeving på området vil ein då kunna forska på korleis det mellombelse lovverket har fungert, og nytta den lærdommen til betre lovarbeid for framtida. Dette er viktig for alle rekonstruksjonar, ikkje berre for små føretak. Registeret bør truleg knyttast til eit utvida og oppgradert Konkursregister i Brønnøysund. Det kan vera aktuelt med eit eige, tverrfagleg prosjektarbeid på korleis eit slikt register bør drivast og kva det bør innehalda. Både domstolar, konkursadvokatar, revisorar, kredittfolk i bankar, forskarar og styresmaktene elles vi ha nytte av eit effektiv register, om enn for ulike føremål. Eg tenkjer likevel at det minimum bør innehalda:

   a. Bustyrar si vurdering av årsakene til problema, rapportert på strukturert og etterprøvbart vis
   b. Kven som har krav i føretaket
   c. Kva ulike kravshavarar mottek i oppgjer, både verdi og form, særleg om dei får oppgjer i anna enn pengar og eventuelt over tid
   d. Korleis rekonstruksjonen er gjort, m.a.o. hovedelementa i planen
   e. Kor lenge prosessen varte
   f. Kostnadar med prosessen
   g. Reglar om kva som er offentleg informasjon, og kva som er tilgjengeleg på konfidensielt vis berre for einskilde grupper t.d. forskarar